I tillegg har Stortinget en egen komité som holder kontroll med at regjeringen og forvaltningen gjennomfører de vedtakene Stortinget har gjort. Denne komiteen behandler også rapporter fra Riksrevisjonen. Og på kommunalt og fylkeskommunalt nivå har vi altså kontrollutvalgene.

Hvilken rolle skal slike kontrollinstanser ha i et tillitssamfunn? Er det en direkte motsigelse å ha slike kontrollorganer i vårt tillitssamfunn, eller er kontrollen med på å øke tilliten?

Det er nærliggende å tenke at det politiske systemet med folkevalgte organer som kommunestyre og fylkesting, også skal kunne kontrollere at vedtak som er fattet av disse organene faktisk blir satt ut i livet. Det er viktig for at det politiske systemet i Norge skal ha tillit. Videre er det viktig at innbyggerne kan stole på at fellesskapets midler brukes i henhold til det fellesskapet har bestemt.

Kontrollutvalgenes rolle er derfor mye viktigere og mer grunnleggende enn den oppmerksomheten de får i mediene og blant innbyggerne – og kanskje må det være slik? Det er først når noe går galt, at oppmerksomheten kommer, og at kontrollutvalgets arbeid kommer i fokus.

Spørsmålet er da: Hvilken innvirkning på tilliten i lokalsamfunnet har saker der det kan reises tvil om eller settes spørsmålstegn ved om prosesser har vært åpne og demokratiske? Og hvordan skal vi håndtere slike saker? Kunne noe vært gjort i forkant av at saken ble kjent, eller må den bare håndteres der og da?

Medlemmene i Norges Kommunerevisorforbund har kontrollutvalgene som sine oppdragsgivere. Det er sekretariatene som er kontrollutvalgenes administrasjon, og det er revisjonen som gjennomfører forvaltningsrevisjoner, selskapskontroller og regnskapsrevisjoner. Det betyr at våre medlemmer opererer i grenselandet mellom tillit og kontroll. Det kan være en vanskelig balansegang, og det finnes ikke noe fasitsvar på hvordan man skal opptre. Det er helt sikkert variasjoner fra kommune til kommune. Men en ting er sikkert: Når skandalen er der, er oppmerksomheten der.

Hvordan tar vi vare på tilliten i en slik situasjon, og hvem sin oppgave er det å gjøre det? Og hvordan gjenreiser vi tillit som er brutt ned?

Norges Kommunerevisorforbund er en sterk forsvarer av prinsippet om den folkevalgte kontrollen i kommuner og fylkeskommuner. Vi tror dette er med på å styrke tilliten til vårt politiske system, og våre medlemmer er med og bidrar til dette gjennom den jobben vi gjør for kontrollutvalgene i Kommune-Norge.

Mye tyder på at kontrollutvalgenes rolle, og prinsippet om den folkevalgte kontrollen, forsterkes framover. Vi så det sist gjennom regjeringens forslag til ny kommunelov, og gjennom Stortingets vedtak. Der ble det vedtatt at kontrollutvalgene skal styrkes, blant annet gjennom at minste antall medlemmer økes fra tre til fem.

For at ordningen skal være levedyktig framover, er det viktig at både politikere og forvaltning har et bevisst forhold til kontrollutvalgene, og hele tida har fokus på styrking av den kommunale egenkontrollen.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.09.18	09/18
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISJONSRAPPORT – «IKT OG INFORMASJONSTRYGGLEIK»

Saksvedlegg: «IKT og informasjonstryggleik» – rapport utarbeida av Deloitte AS (eige hefte)

Bakgrunn:

I plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 for Vindafjord kommune var revisjon av «IKT – og informasjonstryggleik» eit av dei prioriterte områda.

Kontrollutvalet starta hausten 2017 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. I møtet 22.11.17, sak 19/17 la revisor fram ein prosjektplan og utvalet gjorde slikt vedtak i saken:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjonstryggleik» i samsvar med vedlagte prosjektplan.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på totalt 386 timar i samarbeid med Etne kontrollutval med ei 50/50 fordeling av kostnaden.

Føremål:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøkje om kommunane Vindafjord og Etne har organisert si felles IKT-teneste slik at den kan løyse tildelte oppgåver og etterleve sentrale føresegner. Vidare er det eit føremål å undersøkje om Vindafjord kommune har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik, og om etablerte standardar og gjeldande lover og reglar blir følgd innanfor dette området.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonen skulle svara på fylgjande fire problemstillingar:

1. I kva grad er IKT-tenesta for kommunane Etne og Vindafjord organisert slik at den kan løyse tildelte oppgåver og sikre at kommunane etterlever pålagde krav på IKT-området?
 - a) Har kommunen fastsett tydelege mål for IKT-tenesta?
 - b) Har kommunen ein strategi for IKT-tenesta som er i samsvar med fastsette mål, krav og føringar?
 - c) I kva grad er det tydeleg definert kva som er IKT-tenesta si rolle og ansvar?
 - d) I kva grad har IKT-tenesta tilgang på tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta sine oppgåver for begge kommunane?
 - e) I kva grad blir det arbeidd systematisk for å sikre at kommunen er tilstrekkeleg førebudd på komande krav og føringar innan IKT-området?

2. *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre systemtilgjengelegheit i IKT-systema?*
 - a) *Er det fastsett tydelege kriterium for tilgjenge til IKT-system?*
 - b) *Er det etablert kontrollar for å sikre tilstrekkeleg tilgjengelegheit og stabilitet i IKT-systema?*
 - c) *I kva grad opplever dei tilsette i kommunen at IKT-systema har tilfredsstillande driftstryggleik?*
 - d) *Er brukarstøtta til IKT-tenesta organisert på ein føremålstenleg måte med omsyn til tilgjengelegheit?*
3. *I kva grad har kommunen etablert styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegner?*
 - a) *Er styrande dokument for informasjonstryggleik i samsvar med krav i regelverket?*
 - b) *Er det etablert klåre rutinar og ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik?*
 - c) *Har kommunen eit system for kontroll og etterprøving av informasjonstryggleik, og blir slik kontroll og etterprøving gjennomført?*
4. *I kva grad har dei tilsette i kommunen tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?*
 - a) *Er det etablert rutinar for å gje tilsette i kommunen opplæring i informasjonstryggleik?*
 - b) *I kva grad har dei tilsette i kommunen kjennskap til ev. retningsliner og rutinar for informasjonstryggleik?*
 - c) *I kva grad blir ev. retningsliner og rutinar for informasjonstryggleik følgt?*

Deloitte AS har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei mottatt av sekretariatet 31.08.18. Rapporten følger saka som vedlegg.

Rapporten

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Revisor sine tilrådingar blir også gjort greie for i innleiinga. Føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta opplysningar vert presentert i kapittel 2 - 6. Konklusjon og tilrådingar følger i rapportens kapittel 7. Rådmannen sin uttale er tatt inn i vedlegg 1. Revisjonskriterium, andre sentrale dokument og litteratur i vedlegg 2-4.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at det oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:*
 - a. *etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som blir handsama*
 - b. *sikre at det blir gjennomført risikovurderingar av IKT-systema og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik*
 - c. *gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system*

2. *utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte*
3. *vurdere å utarbeide strategi og operative mål for EVIKT*
4. *etablere samarbeidsorgan og møtepunkt som planlagd, jf. samarbeidsavtale til EVIKT*
5. *formalisere gjeldande opningstider for vakttelefonen til brukarstøtta*
6. *utarbeide utfyllande rutinar for risikovurderingar av systemtilgjenge opp mot fastsette akseptkriterium*
7. *etablere system for tilstrekkeleg kontroll av systemtilgjengelegheit, samt rutine for rapportering om nedetid frå EVIKT til kommunen*

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen har hatt rapporten på høyring. Han skriv at han tar rapporten til etterretning og har elles ingen kommentar (sjå vedlegg 1 i rapporten).

Konklusjon:

Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har eit forbettringspotensiale, då rapporten avdekkjer område som det kan eller bør gjerast noko med.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.


Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgd opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørge for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgd. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «IKT og informasjonstryggleik» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 7 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 05.09.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.04.18	06/18
Kontrollutvalet	12.09.18	10/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM PERSONVERNLOVA – RÅDMANNEN SITT SVAR

Saksvedlegg: skriv frå rådmannen dagsett 03.09.18

Bakgrunn:

Vindafjord kontrollutval fatta i møtet 25.04.18, sak 06/18 følgjande vedtak:

Vindafjord kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg på spørsmåla om status for arbeidet med ny personvernlov til neste møte, samt deltar i møtet for å kunne utdjupe svara.

Rådmannen sitt svar følgjer som vedlegg til saka. Han vil også delta i møtet for å kunne svare på spørsmål.

Saksorientering:

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge, truleg i løpet av 2018. Dette vil medføre ei rekkje endringar i norsk personvernlovgeving. Datatilsynet har laga ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety for verksemda. Meir informasjon er å finne i denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Sekretariatet har delteke på konferansar/samlingar om den nye personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vere fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen, for å forsikre seg om at kommunen er i gang med naudsynte tilpassingar.

I eit brev dagsett 03.05.18 bad sekretariatet rådmannen svara skriftleg på ein del spørsmål som omhandla arbeidet med å tepasse ny personvernlov. Spørsmåla var som følgjer:

1. *Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?*
2. *Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?*
3. *Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?*
4. *Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?*
5. *Er personvernerklæringa oppdatert?*
6. *Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?*
7. *Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?*

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding om kommunen sitt arbeid med innføring av ny personvernlov til orientering.

Aksdal, 05.09.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Emne **18/20057 SV: Oversending av vedtak i Kontrollutvalet 25.04.18**

Avsender Yngve Bergesen <Yngve.Bergesen@vindafjord.kommune.no>

Mottaker ogh@kontrollutvalgene.no <ogh@kontrollutvalgene.no>

Dato 03.09.2018 13:44

- Oversending av vedtak i Kontrollutvalet 25.04.18(553212).pdf (~212 KB)

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.09.18
Journalført: 18/267/ogh
Arkivkode: 216

Hei!

Eg viser til oversending frå Haugaland Kontrollutvalssekretariat frå 3. mai 2018, der de ber om svar på ein del spørsmål knytt til ny personvernlovgeving.

Her er tilbakemelding frå Vindafjord Kommune på spørsmåla:

- 1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?**
Leiar for arkiv, Mali Hjemdal, er den som primært jobbar med dette i Vindafjord Kommune, men og andre i organisasjonen er involvert. I tillegg blir det vurdert å, saman med Etne kommune, søke ekstern bistand til deler av arbeidet.
- 2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?**
Nei, dette arbeidet er ikkje starta endå. Vi har kjøpt inn dataprogram for å registrere dette (Draft-it), og vi vurderar å nytte ekstern hjelp til denne jobben.
- 3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?**
Det er inngått ein heil del oppdaterte databehandlaravtalar, men vi ser at vi manglar totaloversikt over desse. Informasjonstryggleiksutvalet skal ha møte 10. september, og ei av sakene på agendaen er å lage en rutine for behandling av desse. Rutinen skal godkjennast av leiargruppa for godkjenning, så startar arbeidet med å samle desse og skaffe totaloversikt etter det.
- 4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?**
Ja. Magne Inge Vårvik er meldt inn som personvernombod i kommunen.
- 5. Er personvernerklæringa oppdatert?**
Vindafjord Kommune har ikkje ei felles personvernerklæring
- 6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?**
Per i dag har vi ordinær tilgangsstyring i våre system, men vi har ikkje bygd inn noko ytterligare personvern utanom dette.
- 7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?**
Nei. Vi har ikkje hatt dette til vurdering fram til no.

Vidare viser vi til rapport frå forvaltningsrevisjon om IKT og informasjonstryggleik, samt oppfølging som blir eit resultat av denne. Ta vidare kontakt om noko er uklart.

Helsing

Yngve Folven Bergesen
Rådmann
Vindafjord Kommune
958 63 691

Epost fra Vindafjord kommune

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.09.18	11/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør i dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å tinga frå revisor.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kan tingast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon eller Plan for selskapskontroll. Nye planar for perioden 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret våren 2016.

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon:

- ~~1. Ivaretaking av nye oppgåver etter samhandlingsreforma (hausten 2017)~~
2. Kvalitet/effektivitet/regelverksetterleving innanfor pleie og omsorg
3. Styring av investeringsprosjekt/avgjerdsgrunnlag for investeringar
4. Økonomistyring – herunder handtering av
 - usikkerhet knyt til reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag
 - meirforbruk i forhold til budsjett
5. Tenestetilbod og kvalitet i høve til behov innan rus- og psykiatritenester
- ~~6. IKT og informasjonssikkerhet (hausten 2018)~~

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll:

- Generell selskapskontroll med Vindafjord kommune si eigarstyring
- Krisesenter Vest IKS

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

I budsjettet for 2018 er det satt av 250 timar til forvaltningsrevisjon. Prosjektet om «IKT og informasjonstryggleik» var på ca. 200 timar. Dermed er mesteparten av midlane for inneverande år nytta. Utvalet kan velje nytt prosjekt no, for så å bestilla det i novembermøtet. Revisjonen vil då kunne starte opp prosjektet på slutten av 2018, for å vidareføre det og levera rapport på vårparten 2019.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." i neste møte.

Aksdal, 05.09.18



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.09.18	12/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2018

Vedlegg: Revisor si egenerklæring, dagsett 15.08.18 – frå Deloitte AS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg egenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går her fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at revisor ikkje er uavhengig i forhold til Vindafjord kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takas til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar den framlagde egenerklæringa for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, dagsett 15.08.18 til orientering.

Aksdal, 05.0918



Odd Gunnar Høie

Seniorråddevar/utvalssekretær

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 15.08.18
Journalført: 18/246/054
Arkivkode: 033

Til kontrollutvalget Vindafjord kommune

15. august 2018

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. Ved Deloitte's planlegging av oppdraget vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i planleggingen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til denne vurderingen.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommunaloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven

8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Vindafjordkommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Vindafjordkommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Deloitte AS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Vindafjordkommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>

--	--

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Deloitte AS for tiden opptrer som fullmektig for Vindafjordkommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Med vennlig hilsen
Deloitte



Else Holst-Larsen
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	12.09.18	13/18
Kommunestyret	18.12.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

UTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN I 2019

Vedlegg: framlegg til budsjett for 2019

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følge forskrifta leggast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2019 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- ***Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.***

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre.

Budsjettet er delt inn i hovudpunkta: utgifter til kontrollutvalet, utgifter til kjøp av sekretariat- og revisjonstenester.

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført som i inneverande år. Budsjettet legg til grunn at det vert fire møte neste år. Talet på medlemmer er fem og møta er på rådhuset på ettermiddag. Det er lagt inn enkel møtemat. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

2. Sekretariatet

Vindafjord kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatstjenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2019 i møtet 23.04.18, sak 5/18. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk basert på eigardel.

Kostnadane for Vindafjord neste år er sett til kr 198.000, som er ei auke på ca. 3 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnader

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med ein kvar tid gjeldande leverandør. Ny avtaleperiode og nye priser for revisjon var gjeldande frå 01.07.16. Utgiftene til revisjon, inkludert opptil 250 timar til forvaltningsrevisjon, blir kr 445 000.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, er det naudsynt at dei økonomiske ressursane er tilstrekkelege.

Frå rapportena "**85 tilrådingar**" bør ein merke seg:

Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2019, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 737 000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2019.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørge for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet meiner at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til diskusjon knytt til utvalet sine prioriteringar for kammande år, samt ei tilråding til kommunestyret for kommande ramme for kontroll og tilsynsarbeidet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vindafjord kommune for 2019 vert på i alt **Kr 737 000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	94 000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	198 000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	445 000
Totalt	kr	737 000

Aksdal, 05.09.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KOMMUNE

KONTROLL OG TILSYN - BUDSJETT 2019

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2019	UTVALET SITT BUDSJETT 2018	Merk nader
10801	Leiar	27 000			27 000	27 000	
10801	Godtgjersle medlemmene	16 000			16 000	16 000	1
10802	Tapt arbeidsforteneste	3 000			3 000	5 000	
10990	Arbeidsgivaravgift	5 000			5 000	7 000	
0	Lønsutgifter	51 000	-	-	51 000	55 000	
11151	Bevertning	2 000			2 000	2 000	
11400	Annonsering	1 300			1 300	3 300	
11500	Kurs og opplæring	30 000			30 000	30 000	
11651	Telefon	700			700	700	
11601	Skyss og kostgodtgjersle	3 000			3 000	3 000	
11950	Medlemskap og kontingentar	6 000			6 000	6 000	
1	Andre utgifter	43 000	-	-	43 000	45 000	
13700	Kjøp frå private (Deloitte AS)			445 000	445 000	435 000	2
13750	Kjøp frå HKS IKS		198 000		198 000	192 000	3
3	Kjøp av tenester	-	198 000	445 000	643 000	627 000	
	TOTALT	94 000	198 000	445 000	737 000	725 000	

Merknader:

1. Planlagt 4 møter (600,- x 4 møter x 5 medl.)
2. Omfattar rekneskap- og forvaltningsrevisjon, samt selskapskontroll, utan mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet